



KJÆRE ELEV,

Det finst mange forskjellige barn og mange forskjellige vaksne i verda. Somme liker å bruke kjole, somme liker å ete leverpostei, og somme liker å spele basketball. Alle menneske har lov til å vere akkurat som dei er – så lenge dei ikkje sårar eller skader nokon. Somme av oss liker å leike heile tida, snakke med andre og spele med andre. Andre liker best å vere for seg sjølv og leikar fint åleine. Og så er det nokon som er ein stad midt imellom. Det eine er ikkje meir eller mindre verdt enn det andre.

Når du er saman med andre menneske, er det viktig å kjenne etter kva du sjølv synest er greitt. Når vi er saman med andre, gjer vi mange ulike ting. Nokre ting gjer vi saman, for eksempel å bygge eit sandslott, gå ein tur eller sjå ein video. Andre ting er sånt som den eine personen gjer, og som påverkar den andre. Det kan for eksempel vere at den eine personen vil øydelegge sandslottet dei har bygd saman, eller at den eine vil gå ein annan veg eller byte video.

Andre ting som ein person gjer mot ein annan, er å gi ein klem, ta på nokon eller å prate med nokon. Somme gonger kan dette kjennast bra, for eksempel om begge to er lei av videoen eller har lyst på ein klem. Andre gonger kjennest det ikkje bra, for eksempel om vi ikkje var ferdige med å leike med sandslottet eller har lyst til å prate med nokon andre.

Om du vil gjere noko med nokon andre, er det derfor viktig at du alltid først spør om det er greitt. For eksempel er det ikkje alltid at vi har lyst på ein klem, og då er det lov å seie frå om det. Den som vil gi klemmen, vil mest sannsynleg berre vere snill, men du er ikkje slem om du seier at du ikkje vil ha klem. Somme liker å få klemmar, andre liker det ikkje, og begge delar er heilt i orden.



TIL ELEVANE

1.-4. trinn

Du skal forvente å bli spurd om du for eksempel vil leike, bli halden eller få noko, og du kan alltid seie frå om nokon ikkje spør deg om å få lov. Du eig kroppen din og tida di, og ingen skal få lov til å tvinge deg til å gjere noko du sjølv ikkje føler er rett. Det er viktig å også hugse på at leik med andre barn er forskjellig frå leik med vaksne.

Når barn leikar saman, kan det vere spennande å utforske og prøve nye ting, for eksempel å ta på kvarandre. Dette er ein fin leik mellom barn, men ikkje mellom barn og vaksne. Dersom du er usikker på om noko er greitt, så skal du alltid seie frå til ein trygg vaksen. Det kan for eksempel vere læraren din, foreldra dine, helsesjukepleiaren, ein storebror, ei tante eller ein lege.